


LITTERATUR




Vi kjem stadig lenger vekk frå å klare oss sjølv, meiner forfattaren. Foto: Kyrre Lien / NTB scanpix

Sunt bondevitt står seg

Bondevitt handlar om eit avslutta kapittel. Difor har boka mykje å seie til framtida.

SAKPROSA

ERIK



STENVIK:
Bondevitt: En personlig historie om livet på landet

– og avfolkninga av norske bygder

ASCHEHOUG 2019

Nett før eg set meg ned for å lese boka *Bondevitt*, skal eg fjerne ein planke som er spikra fast på ein pall. Til å hjelpe meg har eg eit kubein, men kubeinet vil ikkje inn i mellomrommet det er laga for å bryte opp.

– Du må ta fart. Det hjelper ikkje å bruke berre armene, du må ha med heile kroppen, får eg høyre frå sidelinja, som har ført års fartstid i praktisk arbeid.

– Det er ein teknikk med alt, smiler han då eg får det til.

Overgangen er nærast saumlaus inn i Erik Stenviks gardbrukarunivers. For dette òg er bondevitt: alle dei små teknikkane, og å vite når ein skal bruke dei, korleis dei kan kombinerast, at ein kan lite på dei og seg sjølv – som oftast er dette to sider av same sak – når noko uventa skjer, når oksen slit seg og ein ikkje har anna enn kjeledressen i bevernylon å hjelpe seg med, eller korleis ein reiser sperr i lause lufta, kommuniserer på eit bråkete sagbruk og lærer ein arbeidshest å gå beint.

«Selv om jeg aldri ble fagmann som anna enn veterinær i egentlig forstand, ble jeg etter hvert også en habil tømmerhogger, smed og snekker», skriv Stenvik, og det gjev han store

mengder glede: For når målet ikkje er å finne den mest lettvinde eller ein gong billegaste løysinga, men tvert om å skape noko «ved hjelp av den kompetansen vi skaffa oss gjennom teoretisk innsikt og praktisk erfarings», er kunnskapen i seg sjølv og ikkje minst glede over han tusen gonger viktigare enn nemninga på han.

SENTRALT Plassert

Erik Stenvik var bonde på garden Bjørg i Namdalseid i Nord-Trøndelag i nærare tretti år – eit augeblikk, ja, det må vere lov å kalle det ein parentes i historia, i det mange tusen år gamle kulturlandskapet og kunnskapen som ligg til grunn for å produsere mat i nett dette området.

Dette veit Stenvik – oppvaksen som bygut, men med tidleg landbruksinteresse som vart omsett i kjøp av gard då kona synta seg av same slaget. Det enda som heiltids sauebonde, men av det som no gjerne vert kalla «det gamle slaget»: med motorsagdriven skogsdrift på vinteren, fjøs av eige tømmer og jamvel arbeidshest på stallen.

Trass i dei avslutta åra: Stenvik har fått med seg mykje. Sær mykje, vil eg seie, om sentrale hendingar i utviklinga – eller skal vi seie avviklinga? – av norsk jordbruk slik vi kjenner det i dag: frå Hitraaksjonen som låg til grunn for opptrappingsvedtaket, til 30-bruksprosjektet som ligg til grunn for Debio-regelverket for økologisk landbruk, jordbruksstingingar gjennom Småbrukarlaget, entreprenøriseringa av norsk skogbruk og utviklinga i norsk husdyravl og -hald. Sistnemnde summerer han opp slik: «Myndighetene,

godt hjulpet av krefter innafor landbruket, har sia den gang, mot all fornuft, systematisk forsøkt å industrialisere sauene også.»

Slik syner Stenvik at ingenting i norsk jordbrukspolitikk er verken tilfeldig eller naturgjeve – alt er skapt, og alltid har nokon vunne på det, og nokon andre tapt. Som oftast har taparen vorte småbonden – ho som lit på sine egne ressursar, egne krefter, ja, ho som syner best bondevitt, for bondevitt er det færre som tener pengar på. Stenvik syner det ikkje gjennom statistikk og tung retorikk, men gjennom erfaring og eige slit. Slik får han tyngde.

Bondevitt er ei praktbok, og innpakninga kunne med fordel fått stå i stil.

Han kritiserer i alle retningar. Om han sjølv identifiserer seg med det kunstgjødsel- og sprøytemiddelfrie jordbruket, går han ikkje av vegen for å kritisere korleis det økologiske jordbruket i Noreg har vorte: for langt frå krunslapustanken. Slik får han truverde.

Og han gjer det lågmælt. Difor har vi ikkje problem med å tru på han når han nærast i forbiarten slår fast at «Det landbruket vi har i Norge i dag, er derfor ikkje forenlig med miljøvennlig drift».

I den perioden Erik Stenvik

og kona Nanna var bønder på Borg, gjekk talet på norske gardar i drift ned frå 150.000 til 40.000. Det syner ei alvorleg nedgangstid i norsk jordbruk, ei endring som kjem verken norske bønder, busdyr, matjord, skog, bygdeliv eller forbrukarar til gode.

VIKTIG FOR OSS ALLE

Men *Bondevitt* handlar om meir. Fyrst og fremst slår Stenvik eit slag for eit syn på livet – ikkje ein religion, langt derifrå, men bondevittet han tek til orde for, er mangelvare for langt fleire enn bønder og synleggjer ein samfunnsbrest som stikk djupare enn berre landbruket: kor fysisk hjelpelause det digitale samfunnet er i ferd med å gjere oss, korleis vi kjem stadig lenger unna å kunne hjelpe oss sjølv, enten aleine eller med menneske til medmenneske, i vanskelege situasjonar, om det no er ei punktering utan jekk eller personlege utfordringar som rår oss. Vi lit på systemet og teknologien lenge før vi lit på oss sjølv.

Det einaste eg skulle ynskje meg, var at Aschehoug hadde spandert ei noko meir spanande innpakning. Eg skulle gjerne ha sett korleis garden Bjørg ser ut. Sjølv om Stenvik skildrar utfordringar og gleder både levande, sterkt og rørende, hadde boka tent på å brytast opp med eit bilete eller to. *Bondevitt* er ei praktbok, og innpakninga kunne med fordel fått stå i stil.

Men viktigast er innhaldet: Erik Stenviks dannelsesreise er ein fryd å fylgje. Ideologien fortener politisk gjennomslag.


SIRI HELLE

Siri Helle er journalist og fast skribent i Dag og Tid.

Ein sosi

Med høgresving på innvandringspolitikken og venstresving på andre område kan leiar for det danske sosialdemokratiske partiet Mette Frederiksen bli ny statsminister i juni.

SAKPROSA



THOMAS LARSEN:

Mette Frederiksen. Et politisk porträtt

GYLDENDAL FORLAG (DANMARK)

– Sosialdemokratiet har tapt tillit og truverde hos mange menneske, og den må ein arbeide hardt for å få attende, seier Fredriksen i den ferske boka *Mette Frederiksen. Et politisk porträtt* av Thomas Larsen, forfatter av fleire politiske bøker og til dagleg kommentator i avisa Berlingske. Frederiksen kan bli Danmarks yngste statsminister, men ho har lang røynele frå politikk. Mellom anna har ho vorte både arbeidsminister og justisminister.

TA FRYKTA PÅ ALVOR

41-årige Frederiksen overtok som leiar i 2015 og har brukt dei fire åra i opposisjon på å få det ho kallar samfunnskontrakten med veljarane på plass igjen. «Men folks frustrasjonar og frykt – hva enten den er amerikansk, britisk eller dansk – skal saftsuseme tages alvorligt», seier ho.

Under Frederiksen har dei danske sosialdemokratane løfta fram si eiga historie. Sjølv syng ho entusiastisk arbeidsongar som «Når jeg ser et rødt flagg smelle». Ho kjem då også frå ein familie med sterkt truande sosialdemokrat i fleire generasjonar bakover. Indignasjonen over urettferd og at somme er blinde for klassekilnader og medfødde privilegium, blir karakterisert som ekte og basert på egne røymsler. Som ho sa 1. mai: «Som nedslitt lønmodtager er det rigtig godt at have en socialdemokrat med seg.»

Frederiksen liker heller ikkje tanken på at innbyggjarar i Danmark skal gå på stonad i staden for arbeid. Plikt kjem for rett. Og for dei som skal vere med på det politiske laget hennar, er det politisk flid, orden og ansvar som gjeld.